

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
19 87

Namnet på vatnet Nordavatnet

Kommune ..... Bjerkreim

Fetlarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/Einar Berg etter oppdrag frå fiskerikonsulent Jostein Nordland ved Miljøvernavdelingen i fylket.

## N O R D A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 29. september 1987.

Vatnet ligg i Bjerkreim kommune, nærare stadfest nord for Skjeveland, og med Asheimfjellet i nord-aust.

Arealet er omlag 18 ha. og h.o.h. 200 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men jamt over er det grunt på vestsida med djupare partier mot aust.

Stranda består av grus og stein, kor grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Det er ein heller sparsam vegetasjon i vatnet, men botngras og brasmegras vil ein finna på sine stader.

Nedslagsfeltet på vestsida er for ein stor del kulturbeiter medan skogsmark og fjell er dominerande på austsida. Her veks og ein del lauvskog - bjørk og eik.

Hovudtilsiget kjem frå Snøvatnet i vest og ennå eit større bekketilsig fell inn på vestsida. Dette kjem frå nokre mindre tjørn. Endeleg fell inn ein større bekk i nord og denne kjem frå Lomstjørni.

Avlaupet renn ut i sør og går til Skjevelandsåni.

Dei kjemiske tilhøva.

Det vart teke ei pH måling ute på vatnet og denne syntte 6.4 som er bra for aure og røyr.

I bekken frå Snøvatnet vart pH målt til 5.6 og i den andre bekken på vestsida 5.2.


Nokon nærare analyse av vasskvaliteten vart ikkje gjort. Gjennomstrøyminga er relativt stor.

Fisk m.v.



Fiskeslaga utgjer ferskvassaure, røyr og ål.

Det vart sett ut 6 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt var 61 røyr og 63 aurar - tilsaman 124 fiskar.

Fordeler vi heile fangsten på garnomfara vil dette grafisk framsynt sjå slik ut.



Fordeler vi vidare heile fangsten på cm-klassar, får vi desse grafiske framsyningane.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var 4 røde, 13 lys-røde og 8 kvite i fiskekjøttet.

6 av fiskane var angripne av parasittar.

19 fiskar (76 %) var gytefisk - resten gjeldfisk.

Vidare var det 13 hofiskar og 12 hanfiskar.

Medelvekta av alle aurane vi fanga var 118.7 gram og medelvekta av all røyra 167.3 gram.

Den største auren var 240 gram og 310 mm og største røyr 250 gram og 260 mm.

Ser vi på medellengden, og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane, vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter

	lår	2år	3år	4år	5år
Medellemgde i cm	4.6	8.9	13.9	19.1	23.3
Årleg lengdetilv. i cm	4.6	4.3	5.0	5.2	4.3
Antall fiskar	25	25	25	24	12


Medel kondisjonsfaktor 0.94 tilseier noko mager, langstrakt fisk.

Vi har på neste side sett opp ein vekstkurve for auren i Nordavatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, ligg lengdeveksten for auren i Nordavatnet under normalkurven like frå fyrste år av.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon i Nordavatnet. Vatnet er i dag overbefolka, men dette er ting som kan rettast på. Som kjent spelar nedslagsfeltet er avgjerande rolle når det gjeld næringstilgang og fylgjeleg fiskeproduksjon i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg, og såleis ha ei positiv innverknad på flora og fauna. Består nedslagsfeltet av mykje snau fjell, kor harde og sure bergarter dominerar, har det lett for å gå galt. Nedslagsfeltet har då ein lite filtrerande



effekt og fisken blir borte. Dette skuldast den sure nedbøren som ein i dag får og som for ein stor del kjem frå England og Tyskland. Det er serleg svovelstoffa i røykutsleppa som er skadelege.

Nedslagsfeltet for Nordavatnet består som nemnt av mykje kulturbeiter, som blir kalka og gjødsla, slik nedbøren blir nøytralisert og pH i vatnet relativt god.

Prøvefisket vårt syner, at det er eit tett fiskebestand i Nordvatnet, med omlag 20 fisk i medel pr. garn. Det er småfisken som fullt ut dominerar.

Vekstkurve og kondisjonsfaktor fortel at vatnet er overbefolka og fiskekvaliteten ikkje så god som ynskjeleg.

Då gytetilhøva er gode, vil det årleg koma nye årgangar med

småfisk ut i vatnet, og blir ikkje tilveksten hausta vil dette gå utover fiskekvaliteten. Det blir for mange munnar å mette i høve til det næringsforrådet som vatnet har.

#### Praktiske tiltak.

Dei 2 bekketilsiga som fell inn på vestsida fører eit noko surt vatn. Begge bekkene ligg heilt ideelt<sup>til</sup> for kalking, så ved å spreia sjølsand eller vanleg jordbrukskalk her, vil det ha ei positiv innverknad på flora og fauna i vatnet. Dette er eit tiltak som kan tilråast.

Då fiskebestandet er altfor stort, må ein gå til utfisking, for å betra kvaliteten på fisken. Vatnet er lite og oversiktelig, så med litt innsats frå grunneigarene si sida, kan fiskebestandet lett haldast under kontroll.

Kjøp førebels inn 5 garn - 2 stk. omf. 26, 2 stk. omf. 28 og 1 stk. omf. 24. Sett garn på ulike stader rundt vatnet og gjerne ved bekkeosane om hausten. Ein stor del av gytefisken vil ein då kunna fanga.

Lokaliser gyteplassene for røyra og sett garn her. Den røyra vi fekk under prøvefisket var stort sette berre gamal fisk. Ved å drive utfisking, vil ein kunna få fram ein heilt ypperlig fiskekvalitet og storleik på røyra.

Vi vil tilrå at det vert starta eit grunneigarlag, og at vatnet vert opna for stangfiske, mot løysing av fiskekort. Garnfisket har grunneigarene sjølv hånd om. På denne måten vil ein kunna få innkome og driva vatnet meir rasjonelt. Ved å gjennomføra desse tiltaka, vil ein innan 2-3 år sjå korleis fiskekvaliteten og fiskestorleiken betrar seg.

Den årlege avkastinga for Nordavatnet vil ligga på omlag 250 kg. pr. år. Då det er både aure og røyr i vatnet, vil næringsforrådet bli godt utnytta.

Nordavatnet ligg lageleg til på alle vis. Det er eit lett-drive vatn som grunneigarene vil kunna gjera mykje ut av.

Stavanger 26. mars 1988

Einar Berg